



## SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
78/2016	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	29.08.2016

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Willy Andre Gjesdal	FA - N62, HistSak - 11/645	14/1269

### ORIENTERINGSK - MOBILDEKNING EKSINGEDALEN, GRØSVIK OG TOSKEDAL

#### Vedlegg:

Oversiktskart

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert tatt til orientering.

#### Formannskap/plan- og økonomiutvalet - Sak 78/2016

#### FPØ - Behandling:

Samrøystes vedtak.

#### FPØ - Tilråding/Vedtak:

Saka vert tatt til orientering.

#### Saksopplysningar:

I desember 2013 inngjekk Vaksdal kommune ein samarbeidsavtale med Telenor om utbetring av mobildekning i området Grøsvik – Toskedal samt Eksingedalen ved bygging av til saman 7 antennessasjonar med 4G teknologi. I avtalen står Telenor som utbygger med ansvar for framtidig vedlikehald.

Utbygginga vart rekna til 7,02 millionar kroner ekskl. mva der Vaksdal kommune finansierte om lag 1/3 og Hordaland fylkeskommune 2/3. Formannskapet fatta i sak 83/2015 (14.09.2015) følgjande vedtak:

*Det vert vidare løyvd kr. inntil 1.500.000 frå Kapitalfondet («VOE-fondet»): 2530010 for å få fullfinansierte vedteken mobilutbygging.*

*Oppjustert kalkyle for utbygginga er 8,571 mill. kr ekskl. mva.*

*Administrasjonen arbeider med søknad til Hordaland fylkeskommune om ytterlegare tilskot til prosjektet. Ved utbetaling av eventuelt tilskot skal dette tilbakeførast til «VOE-fondet»: 2530010.*

Status for prosjektet per 15. august 2016 er:

**Trefall**, vart idriftsett 29. juni 2015.

**Gullbrå**, vart idriftsett 1. september 2015.

**Grøsvik**, vart idriftsett 2. november 2015.

**Bergo/ Binningabø**, vart idriftsett 4. november 2015.

**Høvik/Vetlejord**, vart idriftsett 4. desember 2015.

**Lavik**, planlagt idriftsett hausten 2016.

Når det gjeld den siste stasjonen, **Toskedalen**, var det på grunn av utfordrande topografi for samband planlagt ein løysing med repeater med signal frå masta på åsen mellom Grøsvik og Gammersvik.

Telenor har utført ein felttest i Toskedalen, og dei finn ikkje lokaliteter for ein mast som vil gje tilfredsstillande mobildekning for Toskedalen.

Det har difor vært vurdert to ulike løysingar:

- a) framføring av fiber,
- b) mast på Vardafjellet på Osterøy.

Framføring av fiber vil vere svært kostnadskrevjande, og kan ikkje forsvarst ut i frå tal fast busette i Toskedalen. Det er i tillegg få fritidsbustader i området.

Ein mast på Vardafjellet er også dyr, då spesielt kraftframføring. Men føremonen med denne er at den vil gje dekning til bustader i Stamnes området som i dag har dårleg eller ingen dekning. Dette gjeld mellom anna Kalland, Hesjedalen, Stamnesfet, Øyane, Vik og Straume.

Telenor er villig til å endre samarbeidsavtalen slik at dei har ansvar for å byggje ut og drive ein basestasjon på Vardafjellet.

Justert kalkyle for utbygginga basert på basestasjon på Vardafjellet er 10,5 mill. kr. ekskl. mva., det vil seie at det manglar 2 millionar kroner ekskl. mva. for å finansiere utbygginga:

Priser	Opprinnelig budsjett	Justert budsjett	Avvik
Toskedal	335 000	3 301 625	2 966 625
Grøssvik	860 000	1 207 714	347 714
Vetlejord (Høvik)	1 350 000	1 587 623	237 623
Lavik	1 550 000	850 750	-699 250
Bindingabø(Berge)	1 282 000	1 588 700	306 700
Trefall TVO	544 000	557 600	13 600
Gullbrå	1 100 000	1 384 658	284 658
<b>Sum</b>	<b>7 021 000</b>	<b>10 478 671</b>	<b>3 457 671</b>
<b>Finansiering</b>	<b>7 000 000</b>	<b>7 021 000</b>	
HFK		4 666 667	
VK		2 333 333	
Ekstraløyving		1 500 000	
<b>Sum</b>		<b>8 500 000</b>	<b>-1 978 671</b>

Ein vurderer det slik at denne endringa er grunnlag for ein ny søknad om statstøtte til mobil/breibandutbygging. Hordaland fylkeskommune har varsla at dei vil gjennomføre ein oppsamlingsrunde no i haust. Neste ordinære søknadsrunde vil vere den statlege tildelinga for 2017 (Nkom).

### Vurdering

Ein basestasjon på Vardafjellet vil gje betre mobildekning til langt fleire enn ein lokal løysing med framføring av fiber til Toskedalen, og rådmannen rår til at det blir arbeidd vidare med dette alternativet.

Om det vert lyst ut midlar til vidare utbygging kjem rådmann tilbake med sak om ev. søknad.